



Radøy/Manger forballklubb v/Robert Urhaug

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2259 - 14/8382

Saksbehandlar:

Bente Kopperdal Hervik

bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:

08.08.2014

Prisar på leige av bassenget i Radøyhallen - ny vurdering

Me viser til tidlegare korrespondanse om prisar for leige av bassenget og idrettshallen i Radøyhallen under Manger cup 2014.

Manger cup er viktig både for Radøy/Manger fotballklubb og for Radøy kommune, og me har sjølvstapt eit felles ynskje om at cupen skal tiltrekka seg flest mogleg deltakarlag. Me synes at det er positivt at de har utvida cupen til også å omfatta seksåringane, og ser også at det å tilby folk bading i bassenget i Radøyhallen kan vera med på å gjera cupen meir attraktiv å delta på.

Det er viktig for kommunen å kunna tilby like prisar og føreseielege vilkår for alle våre lag og organisasjonar, og prisane de fekk oppgitt for leige av hallen og bassenget er difor vedtatt politisk i budsjettet for kommunen. Me kan difor ikkje gjera unntak for Manger cup på desse prisane.

Me ser likevel at det å leiga idrettshallen og bassenget for ein heil dag vil medføra store kostnader for frivillige lag og organisasjonar. Då prisar for heildagsleige ikkje er politisk vedtatt, er det opning for å vurdere prisane her.

Rådmannen har difor bestemt at prisane for leige av idrettshallen éin dag skal tilsvara seks timar leige, altså totalt 1470 kroner per dag. Dersom ein leiger både sømjehallen og idrettshallen same dag, betalar ein 50 % leige for sømjehallen. Totalpris for leige av idrettshall og sømjehall for lag og organisasjonar i Radøy kommune vert då 2205 kroner per dag. Rådmannen vil foreslå dette inn i budsjettet for neste år, og prisane er gjeldane fram til neste budsjettår.

Me ber om tilbakemelding snarast om de ynskjer å bruka bassenget, og kva for dagar som er aktuelle.

Me håpar at Manger cup lar seg gjennomføra etter planen, og ynskjer lukke til med arrangementet!

Med helsing

Lisbeth Toppe Alvær
Kommunalsjef drift og forvaltning

Bente Kopperdal Hervik
kulturkonsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Radøy/Manger forballklubb
v/Robert Urhaug